

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/8448-2

Tildeling og oppfølging av tilskot - oppfølging av tilrådingane - brev frå administrasjonen

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek brev frå administrasjonen med oppfølging av tilrådingane til vitande.
2. Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning til å vere fullført.

Vedlegg:

- Oppfølgingsbrev frå administrasjonen datert 31.08.15 m/vedlegg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon – Tildeling og oppfølging av tilskot 9. desember 2014 i FT-sak 36/14. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si vurdering når det gjeld tilråding nr. 3 i rapporten til etterretning.
3. Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin konklusjon vedr. tilråding nr. 9 i rapporten til etterretning.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp dei øvrige tilrådingane frå revisor i kapittel 6 i rapporten
Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan 01.09.2015.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok brev frå administrasjonen 31. august med oppfølging av denne fylkestingssaka.

I brevet skriv fylkesrådmannen at det er utarbeidd egne skriftlege rutinar i kultur-, plan- og samfunnsavdelinga for sakshandsaming. Næringsavdelinga har justert sine skriftlege rutinar for sakshandsaming. Rutinane er vedlagt.

Vidare er brevmalane justert slik at ein sikrar at det vert opplyst om innsyns- og klagerett. Det er i tillegg utarbeidd egne klageskjema for klage på forvaltningsvedtak, som vert vedlagt alle svarbrev.

Skriftlege rutinar sikrar og at tilskotsforvaltninga er i samsvar med krav i forvaltningslova, skriv fylkesrådmannen i brevet.

Fire av tilrådingane vert ikkje følgt opp gjennom skriftlege rutinar for sakshandsaming og brevmalar – tilrådingane 1, 2, 8 og 15. Administrasjonen har skissert egne oppfølgingspunkt for desse tilrådingane i brevet datert 31. august 2015

Kontrollsjefen har gått gjennom svarbrevet m/vedlegg frå administrasjonen og vurderer oppfølginga av prosjektet til å vere fullført. Alle tilrådingane er tekne omsyn til i rutineskriva, brevmalar, rapporteringsskjema, skjema for klagerett i tillegg til oppdatert informasjon på heimesida til fylkeskommunen og punkta nemnt i brev frå administrasjonen datert 31. august.

4. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer oppfølging av forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning til å vere fullført.